



Prop. 96 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Pensjonar frå statskassa

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet 22. april 2022,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

I samsvar med Grunnlova § 75 bokstav i legg departementet med dette fram for Stortinget ei liste over dei pensjonane som gjeld mellombels, og som ikkje blei reviderte av det førre Stortinget.

Heile summen av pensjonar som blei utbetalte i 2021, var på kroner 15 956 253. I statsbudsjettet for 2022 er det løyvt 16 800 000 kroner på kapittel 611 Pensjoner av statskassen.

2 Omtale av ordninga

Pensjon frå statskassa er ikkje ei pensjonsordning i vanleg forstand med krav til oppteningstid gjennom medlemskap. Det er ei særordning som gjev Stortinget høve til, ut frå ei vurdering av om det er rimeleg, å gi ei pensjonsyting til personar som ikkje har kunna tene opp pensjonsrettar på vanleg måte. Pensjonen byggjer ikkje på rettskrav, lov eller forskrift, og blir gjerne omtala som gåvepensjon.

Proposisjonen no gjeld lokalt tilsette ved norske utanriksstasjonar. Namna deira er i proposisjonen erstatta med enten kvinne eller mann av personvernomsyn. Tenestestaden er òg tatt ut. Om ønskeleg kan Stortinget få tilsendt lista over namna og tenestestaden deira. Dei lokalt tilsette

er i hovudsak sjølv borgarar i landet der dei arbeider.

I følge utanriksinstruksen, skal lokalt tilsette ved norske utanriksstasjonar sikrast gjennom lokale trygde- og forsikringsordningar: «*lønns- og arbeidsbetingelser skal nedfelles i en arbeidskontrakt som skal være i samsvar med tjenestelandets lover og regler. Lokalt ansatte skal sikres gjennom adekvate lokale trygde- og forsikringsordninger.*»

Dei aller fleste lokalt tilsette er i dag omfatta av lokale ordningar. I nokre tilfelle kan det likevel hende at det ikkje finst lokale ordningar, eller at dei aktuelle ordningane ikkje sikrar dei tilsette tilstrekkeleg. Tilhøve i tenestelandet, til dømes politisk uro, høg inflasjon og stor uvisse med omsyn til bank- og forsikringsordningar, kan òg føre til at vedkomande ikkje får den ytinga han eller ho har opparbeidd seg rett til ved alderdom, uførleik eller tap av forsørgjar. I ein slik situasjon kan utanriksstasjonen søkje om pensjon frå statskassa.

Eventuell yting frå lokal pensjonsordning skal kome til frådrag i pensjonen frå statskassa. Lokale ytingar som blir utbetala månadleg, blir i hovudsak samordna som pensjonar frå norsk offentleg tenestepensjonsordning. I staden for månadlege utbetalingar, er det i nokre land vanleg at pensjonen blir betalt ut som eit eingongsbeløp ved pensjonering. Slike ytingar kjem til frådrag i pensjonen ved at tidspunktet for utbetaling av pensjon blir utsett.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget
om pensjonar frå statskassa.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om pensjonar frå statskassa i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om pensjonar frå statskassa

I

| Opplysningar om søkjaren | | | Pensjon | | | |
|------------------------------|--------|---|------------|----------|-----------|---------|
| Nr. | Kjønn | Alder ved avskjeden (for etterlatne, noverande alder) | Vedteke | Pr. mnd. | Gitt frå | Merknad |
| <i>Utanriksdepartementet</i> | | | | | | |
| 1 | Mann | 67 | 22.4.2021 | 15 262 | 1.1.2023 | |
| 2 | Kvinne | 57 | 19.5.2021 | 7 643 | 1.12.2021 | |
| 3 | Kvinne | 57 | 19.5.2021 | 6 697 | 1.12.2021 | |
| 4 | Mann | 60 | 28.5.2021 | 5 854 | 1.3.2024 | |
| 5 | Kvinne | 60 | 18.6.2021 | 5 977 | 1.11.2024 | |
| 6 | Mann | 60 | 28.6.2021 | 3 516 | 1.11.2024 | |
| 7 | Kvinne | 60 | 8.10.2021 | 884 | 1.3.2021 | |
| 8 | Kvinne | 55 | 14.10.2021 | 4 529 | 1.10.2021 | |
| 9 | Mann | 60 | 18.10.2021 | 1 357 | 1.7.2024 | |
| 10 | Mann | 60 | 22.10.2021 | 177 | 1.10.2024 | |